

# Kyrkjeklokka

Nr 1- 2025

Kyrkjeblad for Indre Nordfjord

89. årgang

## God påske!

### INNHALD:

- Påskeandakt frå biskop Ragnhild
- Intervju med Anne Lødemel Honningsvåg
- Høgdepunkt frå sokna, 2024
- Ny sokneprest i Hornindal
- Salmepub på Vertshuset
- San Damiano-krusifikset
- Diakoni i Utvik
- Fasteaksjonen
- Tønning sjømannsmisjon
- Kyrkjebåten Rols
- Altartayla i Innvik
- Kyrkjestatistikken 2024
- Påskestoff



### Faste postar:

- Min salme
- Under open himmel
- Langs vegen
- Barnesider
- Frå kyrkjeverja
- Preikelista
- Frå kyrkjebøkene

Skjærtorsdagsgudsteneste på Bøasetra v. prest og konfirantar

Foto: Leif Vinsrygg

# Den tomme krossen

Av biskop Ragnhild Jepsen

Når kyrkjeklokkene ringer påskehøgtida inn påskeaftan, vitnar dei om at kyrkjesusa er berarar av historie og kontinuitet i bygdene og byane våre. Til saman dannar dei ei lenke som bind oss til kvarandre. Det er som dei syng oss saman.

I vårt bispedøme er vi medvitne om ei tusenårig historie med lag på lag av menneskets tru og tilbeding. Steinane og veggane i kyrkjesusa er levande fordi dei har teke imot smerte og lidning, glede, kjærleik og sorg frå dei som har vore her før oss. Dei speglar gudslengt og gudsnærvær.



Foto: Bjørgvin bispekontor



Foto: Den Norske Kyrkja

Det paradoksale er at dei også gjev rom for å synleggjere gudsfråvær.

Det sterkaste symbolet i kyrkjerommet vil alltid vere krossen. Symbolinnhaldet i krossen er fleirtydig. Den er eit dødsinstrument. Den er teiknet på oppstoda, og den er uttrykk for sameininga mellom Gud og menneske i Jesus Kristus. Krossen, slik vi kjenner den, vil alltid vere knytt saman med påskens budskap: Jesu lidingssoge, hans død og oppstode.

I påskeforteljinga sine dramatiske døgn er det også ei tid då verda ikkje har nokon Gud. Frelsaren er i den timen død. I kyrkjekunsten kjem det til uttrykk i motivet som skildrar korleis Jesu døde kropp vert teken ned frå krossen. Eit likklede vert strekt mellom krossarmene. Mannen som sa at han var Gud, viser seg å vere av kjøt og blod som resten av oss. Og sjølv om vi som ser motivet også veit at berre om nokre få dagar, på påskemorgon, skal kristne over heile verda jublande synge «Kristus er oppstaden», er det som om vi enno ei tid må leve med eit opent spørsmål utan eit sjølv sagt svar. – Kva vil skje med oss? Kan verkeleg livet sigre over døden?

Verdas angst og menneskets oppleving av det meiningslause, av gudsfråværet, må også ha sin stad. For viss vi ikkje torer å setje ord på at det er slik, kan vi

## Kyrkjeklokka

Bladet vert levert til husstandar i Hornindal sokn og sokna i Stryn kommune.

Adresserte blad (utanbygds) får bladet i posten.

Bladpengar er frivillig og vi håpar at mottakarane av bladet vil betale inn 300 kr eller meir.

Bankgiro 0538 18 51054  
Bankgiro 3795 30 05108  
Eller bruk Vipps: nr 583131

Redaktør for dette nummeret: Jarle Hessevick

Post til Kyrkjeklokka:

[kyrkjeklokka@gmail.com](mailto:kyrkjeklokka@gmail.com)

Kyrkjeklokka kan også lesast på nettet:

[www.stryn.kyrkja.no/Kyrkjeklokka](http://www.stryn.kyrkja.no/Kyrkjeklokka)

**Vi takkar for  
innbetalingar og støtte.**

heller ikkje tale truverdig om at Gud som lir og døyrlangfredag, også deler alle menneskes langfredagar. Og at oppstoda si glede og livskraft ein dag skal bli alle menneskes glede og livskraft.

Vi treng bodskapen om håpet og om den tomme grava. Vi treng det i vår del av verda, vi treng det over heile verda. Vi treng det no! For verda er råka av krefter som vil vondt. Det er vanskeleg å ta inn over seg den mengda av frykt og død vi ser omkring oss, nær oss og langt borte. Framfor denne påskehøgtida kjenner vi det igjen, og vi må ta det inn over oss.

I påsken feirar vi at lyset vinn over mørket. Og at vi skal få leve i det lyset. Det er ikkje lovnad om eit liv der

alt er godt og smerte ikkje skal vere. Livet har lært oss at dagane kan vere mørke og sorga kjennes som ei klo i bringa som aldri slepp taket.

Men dei kreftene Jesus tek oppgjør med i gravkammerets rom, dei skal ikkje ta overhand. Dei skal ikkje sigre.

For Livet og Håpet er sterkare!

***Døden må vike for Gudsrikets krefter!***

***Livet er gjemt i et jordekket frø.***

***Se, i oppstandelsens tegn skal vi leve.***

***Se, i oppstandelsens lys skal vi dø.***

(Svein Ellingsen, Norsk salmebok nr 209)

## Frå redaksjon og styre

### Til utanbygdes abonnentar

Korrigerings:

Det har tidlegare vore nemnt at frå 2025 ville kyrkjeklokka privatpersonar som får bladet i posten få faktura på 300 kr i kontingent.

Den snuoperasjonen vi har gjennomført, gjer at vi ikkje ser dette som nødvendig lenger (sjå orientering frå årsmøtet).

Styret oppmodar likevel om at de deltek i den frivillige ordninga med forslag om 300 kr pr år.

Dei som ikkje har interesse av bladet i posten, kan gjerne seie frå seg «abonnementet» slik at vi sparar unødvendig trykking og porto.

### Referat frå årsmøtet i Kyrkjeklokka

Årsmøtet vart halde 11.02.

Innvik sokneråd, Nedstryn sokneråd, Nordsida sokneråd, Olden sokneråd, Loen sokneråd og styret var representerte.

**Årsmeldinga** fortel om prosessen med ny organisering av bladet, som vart vedteken på ekstraordinært årsmøte i mai. Styret sitt arbeid har i hovudsak vore knytt til dette.

### Rekneskap:

**Inntektene** har auka vesentleg

Frivillig kontingent vart redusert frå 600 kr til 300 kr. Likevel har bladet hatt auke i kontingent og gåver på over 100%. Det gjer at det no ser mykje lysare ut for bladet si framtid.

**Utgiftene** er kutta vesentleg.

Driftskostnadane har gått ned frå 343 000 kr (2023) til 216 000 kr (2024). Reduksjonen er hovudsak pga spart porto og reduksjon i honorar og godtgjersler.

Styret ønskjer å takke for innbetalt kontingent og gåver til bladet. Takk også for det dugnadsarbeidet som dette året har vore lagt ned.

### Budsjett:

Kontingentinntektene er sett noko ned fordi det i 2024 vart sendt ut to giroar i bladet. I 2025 vert giro lagt i bladet ein gong, i nr 3 (oktober).

### Val:

Styrerepresentant for sokna Loen, Oppstryn og Nedstryn: Kristin Storevik tok attval og dermed ser styret slik ut:

Per Erik Ulvedal, styreleiar (Nordsida, Randabygd og Hornindal)

Kristin Storevik, nestleiar (Loen, Oppstryn og Nedstryn).  
Geir-Ståle Vatnamo (Utvik, Innvik og Olden)

## Til deg som ikkje ønskjer å få Kyrkjeklokka i postkassen

**1. Sende ei melding på e-post til [kyrkjeklokka@gmail.com](mailto:kyrkjeklokka@gmail.com) med namn og adresse.**

**2. Passe på at postkassa di er godt merka med namn.**

Då vil dugnadsgjengen frå sokneråda vite at dei skal la vere å legge blad i di postkasse.

Vi håpar sjølvstakt at flest muleg ser verdien av bladet, om ikkje anna for å vere informert om kva kyrkja i Indre Nordfjord er opptekne av.



## Nyskaping gav «Stinn brakke»

På ein heilt alminneleg torsdagskveld i Stryn.  
Med eit konsept som har slått an landet rundt.  
I eit relativt nyopna lokale, eigna for formålet.  
Med heilt alminnelege salmar frå salmeboka.  
Med ei forsamling av heilt alminnelege folk.  
Med godt over 100 songglade stryningar frå sentrum  
og nabobygdene.  
Folk som reinsa strupane og song av hjartans lyst.  
Med heile kyrkjestaben til stades.  
Og med eit fantastisk orkester av lokale musikarar.

Takk til orkesteret for tonefølgje:  
Kristian Storevik på piano (kyrkjemusikar i Bergen), Jon  
Are Steen på gitar, Kaare Michael Christoffersen på bass,  
Hans Magnus Nedreberg på trommer og forsongar Jo-  
hanne Maria Foldøy Hageberg (forlova med Kristian).  
Takk til Stryn Vertshus og Adrian for god velkomst.  
Songen ljoma, prat gjekk og latteren sat laust rundt bor-  
da og når det var på tide å gå heim var det ganske så  
einstemmig: **Dette vil vi ha meir av!**

*Tekst og foto: J. Hesdevik*

## Dugnad og pengemas (Spleis)!

Det skal være konfirmasjon i Nordsida kyrkje laurdag 3. Mai, då må ting være i orden, difor har vi dugnad for å rydde ute og inne. Møt opp laurdag 26. April kl 12, ta med det du treng av småreiskap. Det viktigaste du kan ta med er arbeidslust og godt humør. Soknerådet kokar kaffi (vi gjer sikkert litt meir og).

Så litt mas om pengar, vi må investere i nytt lydanlegg i kyrkja, dette er eit tungt økonomisk løft. Vi har fått demonstrert eit anlegg som vil gje mykje fyldigare, klårare og betre lyd enn det som er der i dag. I tillegg vil vi få anlegget for teleslynge til å fungere igjen.

Vi har etablert ein spleis, denne finn du på Facebooksida til kyrkja, vi har og ei loddbok på gang. Vi håpar bygde-  
folket ser verdien av god lyd i kyrkja og støttar saka.

Nytt lydanlegg i Nordsida kyrkje:

<https://spleis.no/lydanlegg-nordsida>

Soknerådet i Nordsida, Per Erik Ulvedal (leiar)



DEN NORSKE KYRKJA

Stryn kyrkjelege fellesråd

## Kyrkjevevja

### Om planting på gravplass

Ved gjenbruk av ein familiegravstad, kan det vere fint å bruke om igjen det gamle gravminnet. Er det god plass på steinen, kan det først på namn frå fleire generasjonar. Ei anna løysing er å slippe ned framsida og grave inn nye namn.

Nokre vel å snu steinen og bruke den til ein ny generasjon, og la namna på dei som er tidlegare gravlagde bli ståande på det som då blir "baksida".

Kva løysing ein vel for gravminnet, er opp til festar, så lenge det er innanfor reglane i gravplassvedtektene.

Plantefelt kan etablerast kun på den sida som vender mot sjølve grava. Det er såleis ikkje høve til å etablere plantefelt på begge sider av gravminnet. Vasar, lykter o.l. skal plasserast i plantefeltet. Det er viktig at denne regelen vert følgt, av omsyn til dei som skal stelle gravplassen.

Det er ikkje noko krav om at det må vere eit plantefelt framfor kvart gravminne. Det kan vere ei god løysing å så att med plen heilt inntil gravminnet, som alternativ til eit plantefelt utan stell og tilsyn. Dette kan festar gjere sjølv, eller gravplassarbeidarane kan utføre det utan ekstra kostnad.

Det hender og at plantar i plantefeltet blir svært høge. Ein bør unngå at plantinga blir altfor dominerande slik at det t.d. skjuler namn og tekst. Plantane skal uansett ikkje vere høgare eller stikke ut om sjølve gravminnet. Ta kontakt om du treng rettleiing eller hjelp.

Gravplassvedtektene og anna informasjon finn du på [stryn.kyrkja.no/gravplassar](http://stryn.kyrkja.no/gravplassar)

Om du ynskjer å fjerne plantefelt eller store plantar på graver du festar, eller har andre spørsmål om gravstad eller gravstell: kontakt kyrkjekontoret på tlf. 57876180 eller e-post:

[kyrkja@stryn.kommune.no](mailto:kyrkja@stryn.kommune.no)

*Kari Synnøve Muri*



## Kyrkja i indre Nordfjord



### Stryn kyrkjekontor

Tlf 57 87 61 80

Postadresse: og besøksadresse:  
Rognehaugen 11, 6783 Stryn

[kyrkja@stryn.kommune.no](mailto:kyrkja@stryn.kommune.no)

[www.stryn.kyrkja.no](http://www.stryn.kyrkja.no)

**Kontortid:** måndag, onsdag, torsdag og fredag  
kl 09.00 - 15.00, tysdag kl 10.00 - 15.00

**Kyrkjevevje Kari Synnøve Muri.** tlf 913 27 882

[kari.muri@stryn.kommune.no](mailto:kari.muri@stryn.kommune.no)

Sekretær Margrete Lillestøl

Sekretær Anne L. Honningsvåg

#### Prestane

##### For Oppstryn, Loen og Nedstryn

Sokneprest Henny Koppen, tlf 916 01 630

[henny.koppen@stryn.kommune.no](mailto:henny.koppen@stryn.kommune.no)

##### For Randabygd og Nordsida

Sokneprest Hege Høibye, tlf 413 75 495

[hege.hoibye@stryn.kommune.no](mailto:hege.hoibye@stryn.kommune.no)

#### For Utvik

Prestevikar Beate Nes, tlf 986 54 244

[beate.nes@stryn.kommune.no](mailto:beate.nes@stryn.kommune.no)

#### For Innvik og Olden

Fung. sokneprest Knut Gjengedal, tlf 948 32 875

[knut.gjengedal@stryn.kommune.no](mailto:knut.gjengedal@stryn.kommune.no)

#### Trusopplæringa

Kateket Beate Nes, tlf 986 54 244

[beate.nes@stryn.kommune.no](mailto:beate.nes@stryn.kommune.no)

Kyrkjelydspedagog Andreas Kråkenes, tlf 922 80 026

[andreas.krakenes@stryn.kommune.no](mailto:andreas.krakenes@stryn.kommune.no)

Kyrkjelydsarbeidar Guro Petronella Andersdotter  
Nordnæs-Enerhaug, tlf 988 02 257

### Volda kyrkjekontor (Hornindal sokn)

Tlf 70 07 40 90

Rådhusgata 6a, 6100 Volda

[kyrkjekontoret@volda.kyrkja.no](mailto:kyrkjekontoret@volda.kyrkja.no)

[www.volda.kyrkja.no](http://www.volda.kyrkja.no)

**Kontortid:** Må, ty, to og fre kl. 10.00–14.00  
onsd kl 10:30– 14:00

**Kyrkjevevje Jostein Stråbø,** tlf 916 63 549

[kyrkjevevja@volda.kyrkja.no](mailto:kyrkjevevja@volda.kyrkja.no)

#### Hornindal sokn

Sokneprest Constanze Lindner, tlf. 971.79.970

[KL855@kyrkja.no](mailto:KL855@kyrkja.no)

# Påsegudsteneste for heile familien

Påske er kyrkjetid, og det er mange moglegheiter til å gå på gudsteneste i påska. Får du berre med deg ei gudsteneste, kan vi anbefale familiegudstenesta i Utvik palmesøndag. Der vert barnekoret med, og i løpet av gudstenesta får vi med oss heile påskeforteljinga gjennom forteljing, song og ulike aktivitetar.



## Innsetjing av ny sokneprest i Hornindal

**Constanze Lindner er innsett som fungerande sokneprest i Hornindal.**

Det var bra frammøte i Hornindal kyrkje Søndag 19. januar då Constanze Lindner vart innsett som fungerande sokneprest i Austefjord, Hornindal og Storfjorden. Alle dei tre sokna var representert. 65 tok del på gudstenesta og dei fleste var ned på kyrkjekaffien på kyrkjelydsstova.

*Fungerande prost Arne Moltubakk og Constanze Lindner er klar til inngangsprosesjonen saman med konfirmantane*





## Henny Koppen

# Tankar langs vegen



Det er tidleg morgon, det er framleis mørkt. Men når eg kjem ut på tunet ser eg eit lysskjær i aust. I skaret mellom fjella breier det seg eit rosa skjær, og etter kvart som eg går nedover blir fargen sterkare, rosa, raud, oransje.

Det poppa opp eit minne frå ein speidartur for lenge sidan. Vi var i Adelboden i Sveits, 7 jenter og eg, og vi skulle gå ein nattleg tur til topps på Elshorn og møte soloppgangen der oppe. Klokka tre om natta sto vi opp og begynte ei stille vandring. Den var verkeleg stille, for ingen sa noko, der vi tok oss fram langs stien i mørkret. Så kom dette lysskjæret i aust, fyrst svakt rosa, så sterkare, det vart lilla, raudt, oransje og til sist gult. Klokka seks var vi på toppen, det gjekk 10 minutt, og så kom sola, fyrst dei gule strålande og litt etter litt steig solskiva fram og alt fekk farge.

Fyrst då kom praten på gli. Vi småsprang nedover bakkane mot hytta der vi hadde sove nokre timar fyrst på natta. Der sto bonden på tunet og spelte alpehorn for å ta imot oss. Det ljoma mellom fjella. Og så vart det frukost. Og kaffi.

Når eg tenkjer på det no, så står det for meg som ei «nær-himmelen-oppleveling». Betre enn dette kan det vel knappast bli?

I gravferd syng vi ofte salmen: Å ver hjå meg, som handlar om vår ferd gjennom livet, der vi ofte kan «vandre i mørkret» og kjenne på uro og manglande tryggleik. Så sluttar salmen slik:

***Syn meg din kross når augo mine brest, lys meg til himlen når det mørknar mest; sjå, morgonroden skin alt på min veg. I liv og daude, Herre, ver hjå meg.***

Morgonroden, skal det vere den som møter oss til slutt? Skal vi berre vandre mot soloppgangen og lyset, og så bli møtt med fargar, musikk og frukost? Eg trur det.

I mellomtida prøvar vi å møte utfordringane vi står i ved å fylle på med inntrykk frå alt som er godt, gjerne ein soloppgangstur, eller eit kafébesøk, ein konsert, ei korøving, ei stille stund i kyrkja, vennskap og fellesskap. Vi treng dette no, når verda rundt oss vaklar. Vi treng å vite at vi heile tida er på vandring mot lyset, mot Gud, som har skapt oss, som er nær oss og som tar imot oss til slutt. Så er vi, kvar og ein av oss lysberarar her og no.

***Gud bor i et lys dit ingen kan gå,  
Gud kan vi ei se og ikke forstå.  
Men Gud kommer nær  
Han vil være her.  
Så blir han et barn som Maria bær.***  
(Margareta Melin, etter 1. Tim 6,16)

### Innsetjing av presten i Hornindal

Bilde frå kyrkjekaffien:

Frå venstre:  
Dan Børge Saure  
(Storfjorden sokn),  
Elsa Aslaug Ommedal og  
Silje Hole (Hornindal sokn),  
Magny Fylling (Austefjord sokn),  
nyinnsett sokneprest  
Constanze Lindner og  
fungerande prost Arne  
Moltubakk



# Frå sokneråda: Høgdepunkt frå 2024

## Oppstryn sokn

På vårparten i 2024 fekk vi forespørsel frå koret Lihula frå Estland om å få kome og syngje i Oppstryn kyrkje. Koret var på Norges-tur så dette kunne verte spennande og sjølvsaugt sa vi ja til dei. 4. august kom dei. Under oppvarminga av songstemmene stilte Kathrina og Astrid med god heimelaga kringle frå Matstova og kaffi, noko som vart godt motteke. Vêrgudane var og på godsida denne kvelden, så det vart mange fine bilde frå område med til heimlandet. Musikk er ein kultur som vi alle kan byggje på, sjølv over landegrensar og dette fekk dei nær 70 frammøtte i Oppstryn ta del i. Mange songar på deira språk, men og ein fin song på norsk fekk vi høyre + reint musikk-innslag frå 2 av medlemmane. Heldigvis for oss, så hadde koret med seg ei som kunne godt norsk, så vi fekk litt info både om koret og deira reise her i området, og som takk for at dei kom, hadde dei med seg sjokolade frå Estland. Leiaren i soknerådet takka av for kvelden og ynskte koret/ enkeltpersonar velkomne tilbake ved seinare høve.



## Loen sokn

Kvart år inviterer trusopplæringa i Stryn alle 2-åringar til ei «krøllegudsteneste». Krølle er namnet på lammet som kvar av dei får utdelt under gudstenesta. Utdelinga går føre seg på den måten at borna får leite etter Krølle i området kring gudstenestestaden.

Dette året var 2-åringane inviterte til Holmetun, eit eldre gardstun som ligg høgt og fritt på Oppheim i Loen. 2 familiar hadde bedt om dåp, og det var duka for ei gudsteneste med deltaking av mange born. Heile tjue 2-åringar var påmeldt, og dåpsfamiliane stilte og med mange born, men dei fleste av desse litt eldre.

Vêrmeldingane var ikkje dei beste, men då dagen kom, skein det opp, og vi fekk gjennomføre i strålende

ver. Soknerådet hadde gjort eit stort forarbeid, slått graset på tunet mellom husa, henta bord og alterpynt og førebudd kyrkjekaffi med mykje godt. Dåpsfamiliane hadde skaffa benker til sine gjester, elles tok kyrkjelyden plass på graset, i ein liten bakke opp frå tunet.

Klokkar og organist var på plass med trekkspel og gitar, prest og kateket var kledde i liturgiske klede. Kateketen heldt preika og fortalde om lammet som hadde gått seg bort, og som gjetaren gjekk for å finne att. Midt i forteljinga måtte borna ut og leite etter lam, og alle fann kvart sitt.

Det er nydeleg med dåp ute i finevêret, og dåpsborna, Emilie og Milian, hadde begge ein fin dag. Det var stort frammøtte denne dagen, god deltaking og fin stemning både under gudstenesta og ved kyrkjekaffien.

Loen sokneråd heldt fram fleire høgdepunkt, mellom anna friluftsgudstenesta i Bødal på hausten, og Familiedagen ved Sagedammen på Nordsida, men Krøllegudstenesta gjekk altså av med sigeren. Det er interessant at det er dei utandørs arrangementa som får høgast score.

## Innvik sokn

Den største hendinga i Innvik i 2024 var nok 200-årsjubiléet til Innvik kyrkje. Kyrkja vart innvigd 28. juli 1824. I 2024 fall denne datoen òg på søndag – naturleg nok vart jubileums- markeringa lagd til denne datoen. Det var ei «raus» gudsteneste, der fleire prestar, og òg «gamleprosten», Rolf Schanke Eikum, tok del.

Tenoren Eivind Kandal, som har mor si frå Innvik, song frå galleriet, akkompagnert av organisten vår, Galya Radeva.

Olden Hornmusikk, med dirigent Leif Vinsrygg, stilte òg opp. I tillegg til innslag frå galleriet, tok dei musikalsk imot dei som frå Blakset kom roande over fjorden i ein av dei gamle kyrkjebåtane – nett som i gamle dagar. Ein spesiell og fin gest...



Frå opninga av pilegrimsløypa. Foto: Geir:Ståle Vatnamo

Festen heldt fram på Innvik Fjordhotell - med jubileumsmiddag og diverse innslag. Det var talar, det var musikkinnslag ved Linda Gytri og Anders Viktor Kvile, og det var – ved Dag Vanberg - presentasjon av nokre av dei sjeldne presteportretta som kyrkja eig.

Etter dette var det høve til å gå pilegrimsløypa som vart utarbeidd til dette jubiléet. Med start ved kyrkja går ein over Hilde og innom stader av betydning i kyrkjehistoria i bygda, og endar opp i kyrkja. Denne løypa finn du no på «Stikk UT»-appen.

I november hadde Ensemblet Nordlys, Oddgeir Bruaset og Arne Sølvsberg ein nydeleg konsert i kyrkja. Om det ikkje var eit «høgdepunkt i året», var det ei flott oppleving, vel verd å nemnast. *Torill Bennæs*

## Hornindal sokn

Salmekvelden 19. april vart ei storarta oppleving for dei ca 100 frammøtte i Hornindal kyrkje, ein kveld med vakker song og verbale gullkorn.

*-Eg har aldri opplevd at halvannen time i kyrkja har gått så fort. Her kom høgdepunkta som perler på ei snor, var èin av kommentarane etter at applausen hadde lagt seg.*

Salmekvelden i Hornindal kyrkje var ein del av Kyrkje-musikkveka i Volda kommune. På førehand fekk kyrkjelyden høve til å kome med ønskje om salmar som dei ville ha på programmet, -noko som slo godt an.

Organist Morten Bollerud leia programmet på ein fortrefteleg måte, der han spelte på heile registeret av musikalitet og humor. Han hadde også med seg Morkakoret, som bidrog sterkt med eigne nummer og felles song. Kantor Bert Handrick og organistane Erlend Koppen og John Inge Leira Bjøringsøy støtta opp under det musikalske.

Hornindal har mange dyktige songarar som stiller opp ved ulike arrangement. Under salmekvelden framførte Kristina Tveitdal Tomasgard, Christina Helgesen og Magne Maurset solonummer som toppa eit framifrå program. *Harald Vartdal*

## Nedstryn sokn

Nedstryn kyrkje ligg langt frå sentrum, og dei fleste som skal dit, må i bil. Nedstryn sokneråd har valt å legge ei sommargudsteneste til sentrum, og slik vart det også i 2024. Per Bolstads plass ligg rett ved hovudgata gjennom bygda, og er ein stor, open plass med serveringsstader på begge sider.

Den 14. juli var ein varm, solfylt dag, og soknerådet var tidleg på plass for å setje fram stolar, montere høg-talaranlegg og kople mikrofonar og piano til anlegget.

Frå Nedstryn kyrkje vart prosesjonskrossen henta, i tillegg til messehagel og utstyr til dåp og nattverd. Denne dagen er soknerådet i arbeid frå klokka ni. Likevel meiner dei dette er den finaste hendinga gjennom året. Det er altså verdt arbeidet.

Litt over ti kjem medliturg og kyrkjevert, saman med ein flokk speidarar i speidardrakt, som skal hjelpe til med ulike oppgåver under gudstenesta.

Det er ei heilt vanleg gudsteneste, men med dåp. Denne dagen er det vesle Tarald Møgster Lundevall som skal døypast, og dåpsfamilien tek plass langt framme. Stolradene fyllest opp, i dag kan langt fleire gå til kyrkja. Folk med rullator kjem på eigne bein, og nyfikne turistar stoppar opp og lurar på om dei kan delta i det som skal skje. Det er vikar for kyrkjetenaren denne dagen, og han ringer saman ved å slå på glaskolben som har vore flittig i bruk på friluftsgudstenester dei siste åra. Akkurat denne dagen knuser kolben midt i samanringinga, så pianisten, som også er vikar denne dagen, finn klokkelyd på pianoet, og held fram ringinga på den måten. Han som er organist i Nedstryn til vanleg, har sommarferie, men denne dagen stiller han med trompeten sin, og musiserer saman med vikarorganisten. Lyden fyller heile bygda, akustikken frå Per Bolstads plass er svært god.

Under preludiet kjem prosesjonen fram til alteret, gjennom midtgangen mellom stolrekkene. Det er speidarar i front, så dåpsbarnet med foreldre og fadrar, og til slutt medliturg og prest. Alteret blir dekka, og fyrste salme kan tone, medan kyrkjelyden står. «Du kalla oss til kyrkja, og difor er vi her. No er vi dine gjester, vår Herre kjær». Det er veksel-song mellom prest og kyrkjelyd, det kling godt mellom husa, og mellom fjella.

Kvifor blir dette eit høgdepunkt i kyrkjelyden sin aktivitet? Plasseringa midt i sentrum gjer sitt, den enkle tilkomsten, der alle utan bil lett kan kome til. Sola og varmen er med og set stemninga, men det er



kyrkjelyden som skaper gudstenesta. Det er god song, til tonefylgje av trompet og piano, speidarar i nystrokne speidardrakter hjelper til med prosesjon, dåp og nattverd, dåpsbarnet smiler, mange deltek i nattverden, andre nyt å berre vere til stades. Kyrkjevert og medliturg er trygge og rutinerte, uheldet vi hadde med «kyrkjeklokka» løyste seg med ein gong.

Kyrjekaffien tek vi på ein av serveringsstadane ved plassen. Denne eine gongen deler vi oss, nokre går til lsehaug, andre til Vertshuset. Så er dei takksame på kafeane og.

## Utvik sokn

Årsfest med basar og årsmøte gjekk av stabelen i Urdabrunn med svært godt oppmøte, gode kaker og god gamaldags basar. Soknerådet set stor pris på alle vinstane som bygdefolket gav og vinstar frå bedrifter som støtta oss. I 2025 vert årsfesten den 9. mars.

Støylsmessa vart lagt til Myklebuststøylen, med transport til dei som ynskte det. Barnekoret hadde lagt sommaravslutninga si til denne dagen, der dei underheldt og gleda oss med fin song. Soknerådet serverte kaffi, kake og svele til alle frammøtte. I 2025 vert støylsmessa lagt til Tistamstøylen den 15. juni.

Konserten på Sommardagane i Utvik var ein braksuksess. Fantastiske musikarar med Anders Kvile og Ketil Rasmussen, som trakterte fleire instrument og underheldt med slagferdige historier. Det var godt oppmøte med nesten full kyrkje. Takk til bygdefolket som stilte opp og til dei mange som kom frå bygdene rundt. Sommardagane i Utvik vert i 2025 lagt til helga 25.-27. juli og på søndagen er det på nytt duka for konsert i Utvik kyrkje.

*Utsikta frå Myklebuststøylen er upåklageleg.*



«Vi syng jula inn» vart ei fin førjulsstund der Utvik Barnekor, Kor-i-Vikja og Olden Hornmusikk bidrog med flott musikk. Takk til musikarane og alle frammøtte som gjorde til at det vart ein høgtidleg førjulskveld i Utvik kyrkje.

Utvik sokn har lyst til å rette ei ekstra takk til barnekoret som stiller opp gong på gong og bidreg med flott song og god underhaldning. Dei to leiarane Eva Kårstad og Kari-Anne Tisthamar gjer ein god jobb for å rekruttere stadig nye unge lovande talent og vidarefører gode tradisjonar.

*Unni Verlo*

## Olden sokn

Det har vore mange høgdepunkt i Olden sokn i 2024, så det er vanskeleg å plukke ut eit. Kyrkjelyden har fått mange konsertopplevingar i løpet av året. Salmekveld, «Vi priser Herren» - konserten med Anders Kvile med band og kor, besøk av kor frå Estland, Mona Jill Trio sin konsert i gamlekyrkja under Oldendagane. Til jul hadde vi den tradisjonelle julekonserten med lokale korps, kor og solist.

Konfirmantane bidreg på ein positiv måte gjennom heile året i kyrkja. Både med konfirmantoppgåver under gudstenesta, under Fasteaksjonen, når dei er med på Lysmesse i desember og på sjølve konfirmasjonsdagen. Det er ein høgtidsdag i heile bygda. Soknerådet synes også det var veldig kjekt at så mange av konfirmantjubilantane deltok på gudstenesta i september og på det sosiale samværet etterpå. Vi hadde ei hyggeleg stund på Olden Fjordhotell.

Turistbygda Olden har mykje besøk i løpet av sommaren. Ein stor dugnadsgjeng på 24 personar har bidratt til at dei to kyrkjene våre er opne kvar dag i løpet av sesongen. I gjesteboka kan vi lese at turistane set

stor pris på at dei kan gå inn i kyrkjene. Det heng informasjon om historia til både den gamle og den nye kyrkja på fleire språk i våpenhuset. Sommaropne kyrkje gjev eit stort økonomisk bidrag til soknet både i form av tilskot frå Nordfjord Hamn og gaver som turistane gjev.

Ljosheim kapell i Oldedalen fylte 100 år i november. Dette vart markert med gudsteneste, jubileumsmarkering og kyrjekaffi i kjellaren. Mykje folk i alle aldrar møtte opp og fekk innføring i historia til kapellet.

*Gro Birgit Egset*

# San Damiano-krusifikset av Hege Høibye

Litt utenfor byen Assisi ligger kirken San Damiano. Denne kirken, og korset som hang der, spilte en viktig rolle i Frans av Assisi sitt liv. En dag han, som en ung mann, søkende Gud, kom forbi denne kirken, gikk han inn og bad framfor krusifikset som hang der. Kirken var falleferdig, og taket halvveis falt ned. Frans bad om at Gud skulle vise ham hva han skulle, og under bønnen, hørte han en stemme fra krusifikset:

*«Frans, bygg opp kirken min, for du ser den holder på å falle fra hverandre!»*

Frans tok dette kallet bokstavelig, at han skulle bygge opp San Damiano kirke. Dette første etter hvert til bruddet med faren hans og Frans sin beslutning om å leve fattig, i etterfølgende av Jesus.

Klarissene, som er den kvinnelige delen av fransiskanerordenen, holdt til i San Damiano kirke. I dag er kirken og klosteret åpnet for besøkende, og i kirken henger det i dag en kopi av korset. Det originale korset henger i dag i St. Klarabasilikaen i Assisi, der den hellige Klara – den første leder for Klarissene – er gravlagt.

En kopi av dette korset henger nå også over alteret på pauserommet på kyrkjekontoret her i Stryn. Vi kjøpte det med oss for å minne oss på denne oppgaven vi har felles med Frans: å bygge Guds kirke i bygdene her i Stryn. Men dette korset er også mer enn et minne, enten det er vårt minne om en felles stabstur, eller minnet om Frans sitt oppdrag. Det er laget for å forkynne et budskap, og det ligger en teologisk mening i det, utover å være en avbildning av korsfestelsen.

Vi vet ikke hvem som har malt krusifikset, men det er et av mange i samme stil som ble malt i det tolvte århundre i Umbria. Tradisjonen med kors i denne stilen

kom til Umbria fra serbiske munk, og blir ofte referert til som Bysantinsk stil, eller en ikon-stil.

Ikoner er for det meste kjent fra den ortodokse tradisjon, der ikonene formidler Guds nærvær, og inneholder en teologisk tolkning av hendelsene eller figurene de fremstiller. De kan leses, slik man kan lese en bok, dersom man kjenner symbolspråket. Jeg skal gi en kort

lesning av San Damianokruset, hvor jeg kommer til å konsentrere meg bare om noen få deler.

Det sentrale motivet er korsfestelsen, og den sentrale figuren er Jesus på korset. Det er den største av figurene, og ansiktet er vendt forover. Selv om han er korsfestet, er det ikke den lidende Jesus som fremstilles her. Øynene er åpne og ser opp mot himmelen, han står oppreist og ansiktet er avklaret. Armene er strakt ut i en omfavnende gest. Fra kroppen han skinner det lys, og selv om sårene i hender, føtter og side er synlige, er han ikke

naglet fast på korset: naglene er ikke synlige. Det er den forklarede, herliggjorde Kristus som vi ser på dette korset, og det sammenfaller særlig med Johannesevangeliets forståelse av korsfestelsen: Det er på korset Guds herlighet blir åpenbart.

Jesu hode er omkranset av en gyllen glorie merket med korset, og han bærer ikke tornekrone, akkurat som han ikke er naglet fast. I denne fremstillingen er det ikke den døende, lidende Jesus som blir fremstilt, men han som seirer over døden. Slik ser vi den oppstandene Kristus på korset, han som er den første i den nye skapelsen. Denne lesningen blir enda tydeligere når vi ser at bak de utstrakte armene til Jesus, er det et mørkt rektangel. Det er den tomme graven som forkynner at Jesus har stått opp.




Foto: Hege Høibye

Anne Lødemel Honningsvåg  
i samtale med Harald Vartdal

## Har vore alt utanom prest og organist

Ved årsskiftet pensjonerte Anne Lødemel Honningsvåg (65) seg etter 35 års teneste for Hornindal sokn.

- I løpet av denne tida har eg utført alle kyrkjelege oppgaver med unntak av prest og organist, smiler ho.

I 1989 starta Anne i eit engasjement for Hornindal sokneråd. Frå 1992 til 2020 hadde ho stilling som kyrkjevevjerje, med alle dei oppgåvene det innebar av administrasjon og kyrkjelege handlingar. I samband med kommunesamanslåinga gjekk Anne etter eige ønske inn i stilling som sekretær for Volda kyrkjelege fellesråd. Dette i kombinasjon med tilsvarande jobb i Stryn kyrkjelege fellesråd, der Anne held fram.

### Ein institusjon i bygda

Anne Lødemel Honningsvåg har gjennom dei tre tiåra vore ein institusjon for kyrkja i Hornindal. Tilgjengelig og tenestevillig langt ut over det stillingsinstruksen tilsa.

- *Din motivasjon for å vere så aktiv i tenesta, Anne?*

- Eg har vore veldig oppteken av å ta vare på kyrkja og det ho står for. Dette er drivkrafta for mitt engasjement. Sjølv om eg no går ut av aktiv teneste, vil eg gjerne bidra på frivillig basis.

### Tøffe tider

- *Som kyrkjevevjerje fekk du oppleve stillingskutt i kyrkjelege sektor?*

- Ja, det var tøffe tider. Eg sto då igjen som kyrkjevevjerje og kyrkjetenar. Men eg hadde godt samarbeid med kommunen og støtte frå deira tilsette. Her må eg også få trekke fram Elsa Aslaug Ommedal i soknerådet. At ho tok ansvar for økonomi og personale, var gull verdt.

### Godt samarbeid

Anne hadde ei tid ansvaret for trusopplæringa i Hornindal sokn. Noko som kom i tillegg til andre oppgaver.

- Eg opplevde det som veldig krevjande og var veldig glad då vi kom saman med Stryn om trusopplæringa. Dette fungerte svært godt, seier ho og rosar det gode samarbeidet med sokna i nabokommunen.



Foto: Harald Vartdal

### Jon Ytrehorn i ei særstilling

- *Du har gjort teneste saman med mange sokneprestar. Korleis fungerte samarbeidet?*

- Øystein Frivold var her då eg byrja. Han blei etterfølgd av Jon Ytrehorn, Mari Saltkjel, Hege Høibye og Per Kristian Hovden Sætre som fast tilsette sokneprestar. I tillegg har her vore 10-15 vikarprestar. Eg føler at eg har hatt godt samarbeid med samtlege. Jon Ytrehorn var den eg stod nærast og heilt avgjerande for at eg blei verande i så mange år. Med sin tilgjengelegheit, engasjement og omtanke gav han trygghet i tenesta. Jon syntte gjennom handling kor viktig det er å stille opp for folk sine behov.

### 150-årsjubileet

Hornindal kyrkje sitt 150-årsjubileum i 2006 står som eit høgdepunkt. Då vart det utført omfattande arbeid med måling av kyrkja og innvendig arbeid. òin fekk også på plass varmpumper, automatisk ringing og andre opprustingar.

- Hornindal kommune tok godt vare på kyrkja, rosar Anne Lødemel Honningsvåg.

### Minnelund

- *Noko du saknar skulle vore gjort?*

- Det er eit sterkt ønske om minnelund på Hornindal kyrkjegard. Denne saka har vore diskutert i fleire år. Vi såg også på plassering. Eg vonar at det kan bli fart på denne prosessen. Det er mitt største ønske, sluttar Anne Lødemel Honningsvåg.

*For ordens skuld:*

*Anne Lødemel Honningsvåg held fram som sekretær på kyrkjekontoret i Stryn i 20% stilling. (Red.)*

I serien om altertavlene i vårt område er vi no komne fram til

## Altertavla i Innvik kyrkje



Noverande altertavle i Innvik kyrkje vart sett opp i år 1900. Den er eit flott måleri der Jesus vert døpt av Johannes døyparen. Måleriet illustrerer tydeleg ei due i øvste billedkant, slik som det står i Matteus 3, 16: «*Med det same Jesus var døpt, steig han opp av vatnet. Og sjå, himmelen opna seg, og han såg Guds Ande kome dalande ned over seg som ei due.*»

Under sjølve måleriet på alterveggen, rett over alterbordet, står det med utheva skrift: «*Dette er son min, som eg elsker og hev hugnad i.*» Matt. III,17. Måleriet er innramma med gullfarga måling med flott harmonisk boge øvst. Elles ber altertavla preg av ein lys brun koloritt med nøttebrune og kvite lister.

Alteret er dekorert med ein framifrå flott alterduk laga i hardangersaum. For nokre år sidan fekk alteret ei ny glasplate. Den hindrar m.a. at alterduken blir skitna til av stearin frå alterlysa.

Det er Chr. Brun (1828-1905) som har måla biletet. Han har kopierte Adolph Tidemand (1814-1876) sitt måleri i Trefoldighetskirken i Oslo, 1868.

I år 2006 va det bispevisitas ved Ole D. Hagesæter i Innvik prestegjeld. Til denne visitasen vart heile altertavla restaurert. Målarmeister Jarl Isene stod for arbeidet.

*Tekst: Geir-Ståle Vatnamo*

### San Damiano-krusifikset - framhald frå s. 11

Øverst er det en mindre scene som viser Jesus som farer opp til himmelen. Han bærer korset som et septer, og han ønskes velkommen av ti engler. Aller øverst ser vi Guds hånd i en velsignende gest. Fra den også stråler det lys, for dette er Gud Skaperen, det første lyset før alt, som sender Den Hellige Ånd.

Under denne scenen er inskripsjonen over Jesus: IHS NAZARE REX IUDEORU, eller: Jesus fra Nasaret, jødernes konge. Litt spesielt her er blandingen av gresk og latin: IHS er de første tre bokstavene på gresk i Jesu navn, og forkortes ofte slik. Men resten er på latin. Jeg har sett det forklart med at inskripsjonen kan lese på to måter, og om man tar de første tre bokstavene til også å være latin, får vi forkortelsen Jesus (I) frelser (S – salvator) menneske (H – Homo). Inskripsjonen kan da leses: Jesus menneskenes frelser fra Nasaret, jødernes konge. Jesus er hele verdens frelser.

Rundt kanten av korset er det en bord av skjell. De var et symbol på dåpen, og i dåpen blir vi døpt til Jesu død og oppstandelse, som Paulus snakker om i Rom 6,3-8. Vi får i dåpen del i den nye skapelsen som den korsfestede og oppstandne Kristus bringer. Lyset som stråler fra ham, lyser både over de som står rundt korset og er vitner, og over oss som står foran krusifikset og betrakter det. Jesu åpne armer vil omfavne alle som kommer til han og gi dem del i den nye skapelsen og det nye livet.

Om noen vil lese videre om San Damianokorset, er det relativt enkelt å finne mange korte forklaringer ved å søke på nettet. En av de lengre og grundigere tolkingene er gitt av Thomas G. Weandy, OFM, Capuchin og kan finnes her:

<https://www.assisisantachiara.it/il-crocifisso-2/the-san-damiano-crucifix/>

Jeg har støttet meg en del på hans tolkning.

*Leif Dårflot vert 100 år i juni i år. Han har heile livet levd på Dårflot i Oppstryn, der han vaks opp med mange born rundt seg, både heime og på nabogarden, men dreiv heimegarden for det meste heilt åleine. For to år sidan flytta han til omsorgsbustad ved Stryn omsorgssenter.*

*Leif har overlevd mange dramatiske hendingar, og han er overtydd om at det er Gud som har hjelpt han. Han er særleg oppteken av det han kallar «englevakt» og å fortelje om dei gongane han høyrde røysta frå himmelen.*

*Han har fortalt presten, Henny Koppen, om fleire hendingar og desse er nedskrivne i eit eige hefte som heiter «Sannferdige historier. Englevakt.»*

*Presten sin kommentar er slik: Gjennom arbeidet mitt veit eg at mange, mange menneske har liknande forteljningar, men dei snakkar ikkje ofte om det. Dei seier som Leif: «Dei vil helst ikkje tru det er sant». Eg trur det.*

## Kvifor stogga merra?

Det var vinter, det var snø og kaldt i veret. Ein dag kom han Eilert Sundal ut til oss. Det galdt høykøyning. Dei hadde ein liten plass, Alfloten, der det hadde budd folk før. Der slo dei graset om sommaren. Dei tørka graset om sommaren og henta høyet om vinteren når det minka i lada heime. Om eg ville køyre heim eit høylas til han? Eg lova å gjere det dagen etter.

Vi hadde ein stor, lang hesteslede med stålskodde meidar og karm oppå. Den var sikkert brukt til mjølke-transport til meieriet i Erdal. Den passa bra. Der var hardpakka snø på riksvegen og om natta hadde kome nokre centimeter tørr nysnø. Sleden glei lett og fint, og eg sette meg på venstre sida og Eilert på høgre sida bak i karmen. Dette skulle gå bra.

Vi var komne forbi Hjelle og opp i Mekjedalane, då stoppa merra plutselig. Eg såg fram i vegen, der var ikkje noko. Ho brukte ikkje å stoppe på flat veg.

Det var litt kaldt åt oss og vi ville gå eit stykke for å halde heten. Vi hadde vel gått 100 -150 meter, då kom ein stor, brei lastebil mot oss. Det var han Sigvard Gudal med lasteruta. Bilen bråka og kjettingane klirra og sende snødrev utover. Han køyrde for fort på den smale grusvegen. Med same han kom bort til merra kasta ho seg til høgre bort frå bilen og snødrevet. Det gjorde at bakkdelen av sleden gleid ut til venstre. Bakkdelen av sleden kom då inn under bilen framanfor bakhjula av bilen.

Det vart eit forferdeleg brak, kjettingen på hjulet røska karmen av sleden og laga han om til småfleder på sekundar. Sjølve sleden reiste seg opp på eine meiden og skvatt tilbake. Merra sette av garde, eine tilja mellom bakbeina og den andre på ryggen. Eg heldt so vidt i taumen bakanfor sleden, men måtte sleppe. Ho sprang eit stykke, men når ho kom eit stykke frå bilen stogga ho.

Sleden var heil so eg fekk han ned att på begge meidane og ordna selen. Men kva med karmen? Det var nok ingen karm lenger. Han låg i småfleder oppetter vegen og vi laut til å plukke og kaste bort på vegkanten. Der var eit lite stykke som var langt nok til å legge på sleden.

Bilen hadde stogga men var reist att. Og kva so?

Vi fann at vi kunne fortsette. Eg hadde med nokre børatog so vi kunne lage høybøra og legge på sleden. Eg godsnakka med merra og det gjekk i gangfart fram på Alfloten. Der vart det mat og litt kvild før vi fekk høybørene på sleden.

Heimturen gjekk greitt, om vi møtte ein bil gjekk eg i lag med merra og passa på at det gjekk sakte forbi. Høyet kom i lada som det skulle.

Det var vel først når jobben var gjort at eg byrja å tenkje på ting. Kvifor stogga merra? Om merra ikkje hadde stogga so sat vi i karmen når vi møtte lastebilen. Kor mange flede hadde det vorte av meg då? Og han Eilert. Eg har hatt so mange sterke opplevingar både før og sidan, at for meg er det enkelt: Englevakt. Men om andre får lese dette her tenkjer dei vel helst: Griseflaks, eller: Skulestil. Dei har litt å lære.

*Leif Dårflot*



# Fasteaksjonen

Tekstar og foto er leverte av Kirkens Nødhjelp :  
Tekst: Åsne Gullikstad Foto: Håvard Bjelland



*Å sjå at det går an å forandre ting, gir meg veldig mykje, fortel Caroline Mwewa. Kvar dag ser ho korleis livet har forandra seg for folk i tørkeramma område.*

*Dette gir meg så masse, fortel Caroline Mwewa.*

Ho har nettopp tatt oss med til ein stor grønsakhage full av irrgørne maisplantar, kål- og tomatplantar. Rett utanfor gjerdet er landskapet knusktørt og lysebrunt, etter tørken som har pågått i Zambia i heile 2024 .

Caroline Mwewa er sosialarbeidar, og her i Gwembe har ho sett korleis livet har forandra seg for innbyggjarane. Dette er eit av distrikta i Zambia som er verst rammet av tørken.

Medan avlingane har kollapsa i alle tørkeramma område, har folk her vore i stand til å dyrke, fordi dei gjennom Kirkens Nødhjelp og partnerar har fått tilgang på vatn og har lært seg å dyrke ved hjelp av dryppvanning – vasslangar med små hol som dryp vatn ned i jorda ved plantane.

Bøndene som deltar i dette programmet har klart å dyrke avlingar og har skaffa seg mat også gjennom denne tørken, fortel Caroline Mwewa.



**KIRKENS NØDHJELP**  
actalliance



Veka før påske kjem konfirmantane igjen på døra med fasteaksjonen sine bøsser. Det er fint å kunne gjere ein konkret innsats for dei fattigaste og mest utsette menneska på denne kloden.

*Fem av årets konfirmantar er klar for å gå runde med fastebøssene.*

*Dei som ikkje får besøk siste veka før påske kan gje ved å bruke Vipps-nummert på plakaten*



## Tørken i det sørlege Afrika

- Langvarig tørke i det sørlege Afrika har forårsaka den verste svoltkrisa i regionen på fleire tiår, ifølgje FNs matvareprogram (WFP). Regntida i 2023 varte berre i tre veker - det normalt er regn i fleire månader.
- I Zambia er 12,2 millionar menneske råka av tørke som varte heile året i 2024.
- Kirkens Nødhjelp og partnerane våre driv fleire prosjekt med klimasmart landbruk i Zambia.
- I desse prosjekta har innbyggjarane fått auka tilgang på vatn. Dei lærer å dyrke på ein måte som krev lite vatn, og som gjer at dei kan dyrke heile året, også gjennom tørke. Det gir dei mat og inntekter.

Takka vere fasteaksjonen til Kirkens Nødhjelp, der mange millionar kroner blir samla inn i kyrkjelydane i Noreg kvart år, kan Kirkens Nødhjelp bidra til at fleire får tilgang til vatn og kan skaffe seg mat og eit levebrød. Kvinnene vi møter her, har klart å dyrke mat medan andre avlingar har kollapsa.

– Her viser vi måtar å dyrke på som er berekraftige og som faktisk verkar, sjølv i situasjonar som tørke, fortel Mwewa.

Dei som bur i området, kan kome hit og lære å dyrke grønnsaker med såkalla dryppirrigasjon. Kirkens Nødhjelp og partnerorganisasjonen vår har sørge for vatn. Ei sol-celledriven pumpe pumpar vatn frå eit borehol opp til to store vasstankar. Derfrå blir vatnet ført ut gjennom slargar med små hol, så vatnet dryp i jorda akkurat der plantane er. Denne metoden krev ikkje så mykje vatn.

Dei kan dyrke heile året, så lenge dei har tilgang til vatn. Det greier mange no, utan å vere avhengig av regnet.

Dei som er med, kan òg selje grønnsaker, og dei deler inntektene. Ein vasstasjon er òg sett opp, slik at folk kan hente vatn til eige forbruk der. Mange har òg byrja med dryppirrigasjon i sine egne grønslakhagar heime.



Winnie Milambo har dottera på åtte månader i eit sjal på ryggen medan ho haustar mais. Winnie er gift og har seks barn. To gongar i veka kjem ho hit. Ho har òg ein grønslakhage heime, der ho har planta mais.

*Gjennom dette har eg fått ei inntekt, fortel ho. For inntektene har ho kjøpt to geiter.*

*Når eg får endå fleire geiter, kan eg selje nokre og tene meir pengar. Pengane eg tener går òg til skulepengar for barna mine, og til å kjøpe mat. Det har betydd ei stor endring for meg.*

## Tonning Sjømannsforeining - 125 år i 2026.



Foreiningsmøte i stova på Betania.

Foto: Eli Gald

Tonning Sjømannsforeining vart skipa 1901 i Prestegarden på Visnes med prestefrua som første formann.

Mange har sjølv sagt vore formenn i foreininga gjennom over 100 år, men mange vil nok hugse at bl.a Tonny Tonning var ein dyktig og mangeårig leiar.

Foreininga vår er ein arm av Sjømanns-kyrkja/Norsk kyrkje i Utlandet som formelt vart skipa 13. august 1864 av ein ung prest i Bergen, Johan Cordt Harmens Storjohann.

Foreininga fekk namnet: "Foreningen til Evangeliets Forkyndelse blant Skandinaviske Sjømænd i fremmede havner."

Allereie eit halvt år tidlegare hadde ei kvinne i Tjørnvåg på Sunnmøre, Sevrine Klungsøy, starta lokal foreining. Ho hadde sjølv både ektemann og fleire søner på sjøen. Livet for ein sjømann var hardt på den tida. Det kunne gå år mellom kvar gong dei var heime. Førstereisgutane var svært unge og freistingane var store i dei mange kneipene når dei fekk landlov i "fremmede havner".

Storjohann arrangerte blant anna møte i danselokale. Visjonen for Sjømannskyrkja er: Tro, håp og engasjement. Kyrkja ønskjer å vere ei "Kyrkje i Verdens Hverdag" som ønskjer å møte der folk fredast. Difor er det no like vanleg at sjømannsprestane møter opp på pubar og barar som på gudsteneste eller "Fest på Kjerka".

Det er berre imponerende at Tonning Sjømannsforeining framleis er aktiv og "oppegående" med samanhengande "drift" sidan 1901 til i dag, berre avbroten nokre år på 40 talet under krigen.

Inst inne i ein fjord, langt frå kysten, der det er heller få som har arbeidet sitt på sjøen i utlandet - "der ingen skulle tru at nokon" ville engasjere seg i dette "støttarbeidet" - finn du oss altså!

Vi er, så vidt eg veit, den største (og kanskje den einaste) foreininga i gamle Sogn og Fjordane. Vi møtest "siste tysdagen i månaden etter Strynemessa" eit par timar på ettermiddagen i Betania, jamt over er vi 16 godt vaksne damer som møtest til hyggeleg og uformelt samvær over ein kopp kaffi, god prat og god (enkel) mat. Somme driv med handarbeid, litt kulturinnslag og sjølv sagt foreiningssaker. Største "happeningen" er Feitetydsdagsbasaren. God gammaldags basar, mykje folk, "ord for dagen", gamle treårar, "Barnebok" og "Vaksenbok", gratis kaffi og "mat på fat" - god basarstemning! Og vi har ikkje tenkt å legge "årane inn"!

Vi er også så heldige at vi får takkofferet i kyrkja ein søndag kvar haust og dette offeret takkar vi i foreininga for med å invitere til kyrkjekaffi - "Verdens største og beste kakebord" - for å sitere Henny prest! Siste åra har dette falle saman med konfirmantjubileum. Dette har vore veldig kjekt og har blitt sett stor pris på. Vi er svært takksame for at vi får dette offeret i Nedstryn kyrkje, (offeret går direkte inn til Sjømannskyrkja sentralt.) Det er ikkje alle kyrkjelydar rundt om i landet som gjev offer til Sjømannskyrkja/Norsk kyrkje i utlandet, men etter mi



Foto: Anne Margrethe Tonning

*Mange set stor pris på kyrkjekaffien som foreininga serverer i Betania.*

mening burde det vere sjølv sagt - sidan "Vi"/ Sjømannskyrkja/Norsk kyrkje i Utlandet er ein forlenga "arm" av Den norske Kyrkja".

Sjømannskyrkja vert årleg støtta av statsmidlar, men størsteparten av driftsmidlane kjem frå frivillige, - gåver, foreiningsbidrag, minnegåver og støtteannonser frå norske rederi som ser verdien av at vi er til stades i mange hamner. Like viktig er det at vi er der for nordmenn som oppheld seg for kortare eller lengre tid i utlandet. Sist sommar vart Sjømannskyrkja kontakta om 56 alvorlege hendingar med nordmenn i utlandet. Alt frå livskriser, ulukker, vald og dødsfall - og til utdeling av vatn til ferierande og festande ungdomar i ferieparadis. Vi er der ofte under mottoet: "Nokon å snakke med"! Kanskje er nettopp dette noko av dei viktigaste oppgåvene i arbeidet for dei som arbeider i Sjømannskyrkja, dei kan gjerne godt språket, kan lokale lover og reglar (skikkar) og kan møte på kort varsel. Vi i Tonning Sjømannsforeining tykkjer det er meningsfullt og gjevande å vere med og støtte Sjømannskyrkja/Norsk Kyrkje i Utlandet. "Terskelen" synes ikkje å vere så høg for å stikke innom kyrkja i utlandet som her i heimlandet. På Gran Canaria leiger Sjømannskyrkja den katolske kyrkja til julegudstenester og då det kan vere opptil 700 som vil på gudsteneste!

*Anne Margrete Tonning, leiar*



God påske til alle frivillige

# Kyrkjestatistikken Stryn og Hornindal 2024

|                              | Olden m/Ljosheim |       | Utvik     |       | Innvik |       | Sum          |        |
|------------------------------|------------------|-------|-----------|-------|--------|-------|--------------|--------|
|                              | 2023             | 2024  | 2023      | 2024  | 2023   | 2024  | 2023         | 2024   |
| Døyppte                      | 10               | 5     | 0         | 2     | 3      | 1     | 13           | 8      |
| Konfirmerte                  | 9                | 9     | 2         | 5     | 9      | 5     | 20           | 19     |
| Vigsler                      | 6                | 6     | 0         | 0     | 0      | 0     | 6            | 6      |
| Gravferder                   | 19               | 10    | 6         | 1     | 6      | 2     | 31           | 13     |
| Gudstenester                 | 26               | 27    | 13        | 15    | 15     | 16    | 54           | 58     |
| Deltakarar ved gudstenester  | 1865             | 2010  | 689       | 751   | 857    | 911   | 3411         | 3672   |
| Gudstenester med nattverd    | 10               | 12    | 5         | 7     | 7      | 8     | 22           | 27     |
| Nattverdsgjester             | 346              | 740   | 71        | 111   | 133    | 220   | 550          | 1071   |
| Takkoffer/kollekt            | 77101            | 87773 | 37237     | 43097 | 30014  | 31691 | 144352       | 162561 |
| Fasteaksjonen                | 23361            | 13493 | 14485     | 16315 | 14485  | 5908  | 52273        | 35716  |
|                              | Oppstryn         |       | Nedstryn  |       | Loen   |       | Sum          |        |
|                              | 2023             | 2024  | 2023      | 2024  | 2023   | 2024  | 2023         | 2024   |
| Døyppte                      | 5                | 10    | 11        | 11    | 7      | 9     | 23           | 30     |
| Konfirmerte                  | 6                | 6     | 30        | 36    | 8      | 8     | 44           | 50     |
| Vigsler                      | 0                | 1     | 12        | 11    | 2      | 5     | 14           | 17     |
| Gravferder                   | 10               | 5     | 16        | 18    | 6      | 5     | 32           | 28     |
| Gudstenester                 | 19               | 20    | 49        | 44    | 16     | 18    | 84           | 82     |
| Deltakarar ved gudstenester  | 875              | 945   | 4463      | 3914  | 974    | 1263  | 6312         | 6122   |
| Gudstenester med nattverd    | 12               | 13    | 32        | 32    | 6      | 8     | 50           | 53     |
| Nattverdsgjester             | 206              | 261   | 697       | 733   | 141    | 139   | 1044         | 1133   |
| Takkoffer/kollekt            | 32780            | 29900 | 38972     | 66716 | 22144  | 36251 | 93896        | 132867 |
| Fasteaksjonen                | 15317            | 17454 | 50705     | 48176 | 9966   | 12911 | 75988        | 78541  |
|                              | Nordsida         |       | Randabygd |       | Sum    |       | Totalt Stryn |        |
|                              | 2023             | 2024  | 2023      | 2024  | 2023   | 2024  | 2023         | 2024   |
| Døyppte                      | 4                | 3     | 4         | 1     | 8      | 4     | 44           | 42     |
| Konfirmerte                  | 4                | 5     | 2         | 2     | 6      | 7     | 70           | 76     |
| Vigsler                      | 1                | 2     | 0         | 0     | 1      | 2     | 21           | 25     |
| Gravferder                   | 6                | 4     | 4         | 2     | 10     | 6     | 73           | 47     |
| Gudstenester                 | 23               | 21    | 12        | 10    | 35     | 31    | 173          | 171    |
| Deltakarar ved gudstenester. | 1210             | 1417  | 367       | 289   | 1577   | 1706  | 11300        | 11500  |
| Gudstenester med nattverd    | 12               | 9     | 4         | 4     | 16     | 13    | 88           | 93     |
| Nattverdsgjester             | 320              | 177   | 35        | 13    | 355    | 190   | 1949         | 2217   |
| Takkoffer/kollekt            | 53334            | 59429 | 9000      | 6120  | 62334  | 65549 | 300582       | 360977 |
| Fasteaksjonen                | 23226            | 21355 | 2850      | 6226  | 26076  | 27581 | 154337       | 141838 |

|                             | Hornindal |       |
|-----------------------------|-----------|-------|
|                             | 2023      | 2024  |
| Døyppte                     | 11        | 13    |
| Konfirmerte                 | 13        | 16    |
| Vigsler                     | 4         | 3     |
| Gravferder                  | 15        | 18    |
| Gudstenester                | 22        | 22    |
| Deltakarar ved gudstenester | 1579      | 1567  |
| Gudstenester med nattverd   | 11        | 11    |
| Nattverdsgjester            | 193       | 233   |
| Takkoffer/kollekt           | 43828     | 56570 |
| Fasteaksjonen               | 10044     | 11487 |



# Kyrkjebåten Rols på Sølvsberg av Arne M. Sølvsberg

I førre nummeret av Kyrkjelokka gav Kjell Olav Gausnes god informasjon om kyrkjebåtane i Blakset-bygda. Frå bladet har eg no fått oppmoding om å skrive litt om kyrkjebåten med namnet Rols. Båten har hatt tilhald i naustet vårt så lenge eg har levd og endå litt til. Før han kom dit på slutten av 1940-talet stod han i Inntunsnaustet og før det att var det Bentnaustet som hyste han. Naustet han no står i er fellesnaust for Perane og Bønen her på Sølvsberg og er akkurat

langt nok til å hyse den store båten. For dette er av den største robåttypen som vart bygd og nytta her i Nordfjord: ein sekskeiping. Det vil då seie at der er 12 årar og ror. Etter som han Per-Jo (Jon Sølvsberg) fortalde meg ein gong, var det dei meisterlege brørne Jakob og Andreas Apalset i Gloppen som vart tinga til å byggje båten etter at dei hadde levert jekta Niloamis som og til vanleg gjekk under namnet «Berseta» sidan to av dei fire eigarane var Larsbruket og Olabruket på Bergset. (Dei to andre var Intunsbruket på Sølvsberg og det eine av dei to Galdsbruka.) Det var dei same båtbyggjarane som bygde Holvikjekta i 1881. Den nye kyrkjebåten til Sølvsberg vart bygd i 1889 og fekk namnet Rols som etter fortalet skal vere namnet på den fyrste som busette seg på Sølvsberg. Fjelli høyrde til Utvik kyrkjesokn. Grendene på Fjelli var bra folkerike, så det var trong for store kyrkjebåtar.



Foto: Olav Jakob Tveit

På Bergset hadde dei ein femkeiping med namnet Fram. Eg veit ikkje detaljar om kven som bygde han og kva «fødselsåret» var på han. Men då han ikkje lenger vart brukt og berre tok opp plass i naustet vart han på slutten av 1960-talet seld og ombygd til vikingskip med ein kiosk og gjorde ei stund teneste i Stryn sentrum før han reiste vidare til Viking camping i Innvik der han enda sine dagar. Då han var ombygd og vart frakta på ein hengar til Stryn sentrum frå snikkaren oppe i Skjolden sat eg om bord saman med andre spelemenn frå Fjelljom og spelte hardingfele.

Rols er ein sær sers velskapt og lettrodd båt. Nokon har faktisk drista seg til å utpeike han til Nordfjord sin vakraste båt. Han har mørkeblå måling, og på øvste bordet står Rols på eine sida og Sølvsberg på den andre. (Det var slik gardsnamnet vart skrive på den tid, utan v.) Bak står 18 på eine sida og 89 på den andre. Årane er kvitmåla.

Framhald s.23

Selja 1918. Dronninga er på besøk med kongeskipet. Rols (t.v.) har mannskap av fjellarar.  
Foto: Elna Marie Almenning



# Min salme



Salmen «Bortom tid og rom og tanke», nr 460 i Norsk Salmebok fra 2013, er skrevet av Heidi Strand Harboe i 1999 til 100-års jubileet til Norges Kr Studentforbund. Melodien er av Carl Petter Opsahl, en aktiv jazzmusiker. Det er en salme som skiller seg ut fra andre jubileumssalmer, for den handler verken om historie eller fest og feiring. Det er en salme for travle mennesker som har behov for å stoppe opp og ta en pause.

Salmen grep meg på retreat. Jeg satt i kapellet på en samling, hvor vi sang denne salmen. Jeg hadde ikke hørt den før. «Gjennom ørsmå hol i dagen, får eg venda mine tankar». Jeg kan søke Herren Jesus gjennom dagen i små pauser. Etter hvert kan det bli til en bønn på dypet av sjelen, med en visshet om at Jesus går med i alle slags dager.

Hva er hellig for meg og for deg? Det finnes et sted bortom tid og rom og tanke. Dette stedet kan være i en kirke, ute i naturen, hjemme ved oppvasken, i bønnestolen eller i mitt eget hjerte. At jeg åpner opp for Guds hellige eksistens. Salmen hjelper meg til å leve som kristen slik at jeg øver meg i at Jesus er med meg alle dager. Det blir en bønn om å «våga leva midt i livet, våga trå på heilag grunn».

Til neste nummer er Jon Olav Kvamme utfordra til å skrive «Min salme»

## Bortom tid og rom og tanke

Tekst av Heidi Strand Harboe

Melodi: Carl Petter Opsahl

1. Bortom tid og rom og tanke  
finst ein stad der alt er annleis,  
finst ein stad der alt er heilag,  
finst ein stad der Kristus er.  
Nær min trøyte, redde tanke,  
nær min draum, min lengt, min styrke,  
nær mitt liv og alt eg lever,  
det er godt å vera der.

2. Gjennom ørsmå hol i dagen,  
får eg venda mine tankar,  
ta eit lite steg til sides,  
søkja Herren, Han som er.  
Gjennom tause, mørke bønner,  
gjennom lått og gjennom jubel,  
leggja fram for Herren Kristus  
alt det livet som eg ber.

3. Når eg pustar, når eg tenkjer,  
når eg ler, og når eg sørgjer.  
Finna ørsmå hol i dagen  
som gjer Kristus sterk og nær.  
Der eg lever midt i livet –  
midt i verda, midt i dagen,  
ber eg med meg Kristi kjærleik;  
det er lys og salt eg er.

4. Jesus, ver i mine dagar,  
i alt liv som kjem mot meg.  
Ver i mine glade timar,  
mine skjelvande sekund.  
La meg leva sterkt og nakent,  
våga sjå og våga høyra,  
våga leva midt i livet,  
våga å trå på heilag grunn.



# Oddny under open himmel



## Livet har flest kvardagar

av Oddny Torheim

Vi har runda eit nytt år. Vi er ferdige med Verdiåret og er starta på Friluftslivets år. Vi er alt komne eit godt stykke på det.

I ei helsing eg fekk i januar, stod der: «*Vi lever i ei verd der vondskap rår.*»

Det er lett å sjå det vonde, men vi har også mykje godt.

I Bibelen i Amos 5 v.14 står der: «**Legg vinn på det gode, og ikkje det vonde, så skal de få leva! Då skal Herren, Allhærs Gud, vere med dykk.**»

Du for ein lovnad.

Eg gler meg over Friluftslivets år. Vi kan gjere mykje ut av det. Vi er heldige her i landet. Alle har ein bit av den fantastiske naturen kring seg. Lat oss oppmode kvarandre til å bruke den.

Ikkje alle er like spreke, men fleire kan hjelpe til så mange får koma seg ut i frisk luft.

Barn og unge må lærast opp å bruke reser og vegar til skogs og fjells. Turen kan bli lang og bratt, men du sjølv bestemmer når du vil snu. Når du toppen, så blir det ei oppleving av meistring.

Så kjem kanskje dagen då du ikkje greier å ta desse turane, då kan minna frå tidlegare turar glede deg.

Eg kom over eit stykke som omtalte «**Kvardagslukka sine fem om dagen**». Det byggjer på forskingslitteratur og er universelle. Det vil seie at dei er aktuelle for alle, uavhengig av alder, kjønn, sosioøkonomisk bakgrunn og kultur.

### 1.Ver oppmerksam

Oppmerksamheitstrening betrar immunforsvaret vårt og gjev auka glede.

### 2.Ver aktiv

Regelmessig fysisk trening gjev auka livskvalitet for alle, uansett alder. Trening kan gje betre hukommelse, læring og færre psykiske plager.

### 3.Forsett å lære

Livslang læring gjev auka livskvalitet og motstandskraft. Læring endrar hjernen. Kvar gong du lærer noko nytt, dannar det seg nye koplingar. Ny kunnskap gjev nye mogelegheiter.

### 4.Knyt band

Sosiale relasjonar er bra for di psykiske helse. Det rustar deg til å takle vanskelege periodar i livet

### 5.Gje

Livskvaliteten blir høgare når du har kjensle av meining og bidreg i samfunnet. Det å gje aktiverer område i hjernen som er ansvarleg for lukke, belønning og velvære.

Det eg har nemnt her, har forskning vist.

(Kjelde: Rådet for psykisk helse.)

Eit aktivt liv i frisk luft gjev mange naturopplevingar som betyr noko i kvar enkelt sitt liv.

Gjennom alle aktivitetar må vi ikkje gløyme kyrkja sitt arbeid og samlingar. Det er sagt at kyrkja er verdens største håpsbevegelse.

Sprei håp! Bring medmenneska håp! Høyr og bruk Guds ord!

I Salme 119 v.130 står der: «**Dine ord gjev ljøs når dei opnar seg, dei gjev den urøynde skjøn.**»

Profeten Jeremia skreiv: «**Eg fann dine ord og eg åt dei, dei var til hugnad for meg.**» Kap.15 v.16.

Ja, prøv å sjå kvardagslukkene



Foto: Pixabay

## Diakoni Utvik Sokn

Soknerådet som vart valt inn frå hausten 2023 har hatt lyst til å sette diakoni på agendaen. Utvik Sokn har no fått på plass eit diakoniutval og har utarbeida ein plan for dette arbeidet.

«Diakoni er kyrkja si omsorgsteneste. Det er evangeliet i handling og blir uttrykt gjennom nestekjærleik, inkluderande fellesskap, vern om skaparverket og kampen for rettferd».

Med dette som utgangspunkt ser vi på diakoni som all teneste til beste for våre medmenneske. Det meste av arbeidet som vert gjort i Utvik- kyrkjelyd kan sjåast som diakonalt arbeid.

Utvalet består av leiar Jorunn Tisthamar, Ruth Torheim, Roar Verlo, Turid Lee Frantzen og Unni Verlo.

Vi vil starte opp med å tilby skyss til bygdefolk i Utvik og Tistam til og frå gudstenester og andre arrangement i regi av soknerådet, til dømes kyrkjelydsfest. Dersom bygdefolket frå Tistam og Utvik har bopel på omsorgssenteret/omsorgsbustad i Innvik kan vi også tilby transport til dei. Transporten vil foregå i privatbilar til medlemmane i diakoniutvalet.

Vidare vil vi tilby transport til Sjøatunet kafé på torsdagar i samband med klubbemiddag, der ein og på same tid kan få selskap til måltidet.

Soknerådet vil påskjønne dei som fyller 90, 95, 100 og 105 år ei helsing og eit besøk av eit medlem frå diakoniutvalet. Blomsterhelsingar vert delt ut til jul for dei som bur i leilegheiter på omsorgssenteret, samt felles helsing til bebuarane på Vikane omsorgssenter.

**Ved behov for transport kan de ringe: Jorunn Tisthamar tlf. 994 15 856 eller Ruth Torheim tlf. 482 81 368**

Tekst og foto: Unni Verlo



Framme frå venstre: Turid Lee Frantzen, Ruth Torheim, Jorunn Tisthamar og Unni Verlo. Roar Verlo er ikkje tilstades på biletet. Foto: Unni Verlo



Roar Verlo, avbilda i sitt rette element.

|                                                                                                                                                                                                                                                                                                                |                                                                                                                                    |                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                         |
|----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|-------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
|  <b>INNVIK FJORDHOTELL</b><br>Misjonshelmen<br>6793 Innvik, tlf. 57 87 49 90<br>e-post: <a href="mailto:post@innvikfjordhotell.no">post@innvikfjordhotell.no</a><br>Selskap, catering, arrangement, overnatting. Velkommen! |  <b>SMAR</b><br>KAFE & CATERING<br>57 87 11 33 | <b>TUSSA</b> Installasjon<br>avd. Stryn<br><b>Når du treng elektrisk privat eller bedrift</b><br>Kontakt oss: Geir Olav Ovreseth, 917 19 949<br>Anders Bergset, 918 33 101<br>Tonningsgata 27<br><a href="http://tussa.no">tussa.no</a>                                                                                                                                 |
|  <b>Stryn Bokhandel as</b><br>BØKER - SKULEMATERIELL<br>KONTORREKVISITA<br>REISEEFFEKTER - BARNEUTSTYR<br>LEIKETØYFORRETNING<br>TONNINGSGATA 23. TLF: 57871016                                                              | <b>UTVIK BYGG</b>                                                                                                                  |  <b>SKOGSTAD®</b><br>Tailored by nature                                                                                                                                                                                                                                            |
|  <b>Ommedal Dekksenter as</b>                                                                                                                                                                                               |  <b>BUNNPRIS</b><br>Olden                      |  <b>STRYN ENØK AS</b><br><b>TOSHIBA</b><br>VARMEPUMPER<br>Salg - Montering - Reparasjon - Service<br>Alv Terje Glomnes - mob. 921 40704<br><a href="http://www.senok.no">www.senok.no</a><br> |

Gravminne  
Namne-  
tilføyingar  
Oppfrisking



**EIDE STEIN AS**  
www.eidestein.no  
712 99 250



- i samarbeid med Fjordferd Begravelsesbyrå

**Fjordferd**  
BEGRAVELSESBYRÅ



Alltid til teneste ved dødsfall og gravferd

Stryn - Stad - Volda - Stranda - Fjord



Sjå heimesida vår for prisar  
www.fjordferd.no

**Tlf. 458 50 300**

- Vi er her for deg når du treng oss -

**Hjelmeland**  
BEGRAVELSESBYRÅ

Til hjelp i sorga  
sidan 1978



Vi er her når de treng oss som mest,  
og hjelper dykk å lage ei personleg,  
fin og verdig gravferd. Slik de ønskjer.  
De kan kontakte oss heile døgnet.  
Vi har teieplikt og kan møtast til  
samtale på eitt av våre kontor,  
eller heime hos dykk.

**905 50 905** (døgnoopen vakttelefon)  
post@hjelmeland.as • www.hjelmeland.as  
Tonningsgata 42, 6783 Stryn

Vi er i Nordfjord – for Nordfjord

Kyrkjebåten Rols—f ramhald frå s.19

På roturen bortover til Utvik vakta dei seg kanskje for å verte sveitte før dei skulle setje seg ned i kyrkjebenkane, men på heimturen vart det gjerne kapproing, og sekskeipingen Rols sigrar alltid over femkeipingen Fram, etter som far min fortalde. Han nemnde og at det ein søndag stort sett var kvinnfolk og born som reiste til kyrkje frå Sølvberg. Då meinte bergsetarane at dei skulle slå sølvbergarane i kapproinga om dei aldri hadde gjort det før. Men dei fekk røyne at kvinnfolka frå Sølvberg slett ikkje ville finne seg i slikt noko. Dei «la seg i selen», som far sa, og Rols kom fyrst over fjorden som vanleg.

Etter at Fjelli fekk skikkeleg veg til Blakset og det kom høveleg store motorbåtar som kunne frakte kyrkjefolk, vart det sjeldnare med roing av kyrkjebåtane. Det er forståeleg, for neimen om det kunne vere spøk for ei krunebrur å gå ned og opp att Berget, for ikkje å snakke om strevet med å gå ned med likkiste. Dei bratte sjøvegane var ikkje brukande for hest og slede anna enn stundom på vinterføre med mykje snø. Jakob Roset fortalde meg ein gong at han var den siste på Fjelli (der han voks opp) som fekk skyss med kyrkjebåten Rols til Utvik på konfirmasjonsdagen sin. Det var i 1945. Båten vart liggande roleg i naustet fram til 1988, då Nordfjord folkehøgskule med Oddvar Almenning i spissen fekk låne båten for måling og smørjing i samråd med Nordfjord folkemuseum før dei la i veg på rotur heilt til Bergen. Slik tur tok dei og året etter. Folkehøgskulen brukte og båten i ei rotevling i Bergen der dei gjekk av med sigeren. Seinare har vi eigarane vore litt reserverte for liknande utlån, men har sjølve brukt båten i mange høve.

Det kan nemnast kulturminnestafetten ut fjorden, kyrkjejubileum i Utvik, innspeling av filmen Landstrykerne på Vågsberget, stor mottaking av amerikanarar i 2005, roing i Selje då dronning Sonja var på besøk og seinast sist sommar då nordfjordbåtlaget i Gloppen fekk til rotur frå Blakset til Sølvberg- og Bergsetnausta saman med ein av kyrkjebåtane frå Blakset og med jekta Nordfjordtausa som følgjebåt. Eit par gonger har båten fått små skadar, endåtil han eine gongen låg i naustet då han vart herja med av båra som slo inn under nyttårsorkanen, men heldigvis har Gloppen hatt gode båtbyggjarar som har reparert. Fagfolk gjekk sist sommar over alle saumane, og berre ein einaste trong skiftast ut. Rols held seg med andre ord godt i ein alder av 135 år.




Foto: Pixabay



## Vi les Bibelen saman!

Ved Andreas Kråkenes

*Bibelen er ein skatt!*

*Bibelens historier har gjennom alle tider betydd mykje for folk, og vi trur dei framleis gjer det. Med utgangspunkt i trusopplæringsplanen presenterer Kyrkjeklokka nokre av dei kjende bibelhistoriene.*

*Tanken er at dette skal vere ei historie som de kan lese saman heime, for barn, barnebarn, fadderbarn eller kanskje eit nabobarn. Lykke til med å oppdage bibelhistoriene saman! Kanskje passar det å tenne eit lys før du startar å lese historia.*

## Tre menn som stolte på Gud

**Forteljinga i dag finn vi i gamle testamentet og står i Daniels bok kapittel 3. Gjenfortalt av Andreas Kråkenes.**

Kong Nebukadnesar fekk laga ein statue av gull som var heile 30 meter høg. Han kalla til seg alle som budde i området og gav dette bodet «straks de høyrer lyden av alle slags instrumenter, skal de falle ned og tilbe statuen av gull. Den som ikkje gjer slik eg seier, skal kastast inn i den brennande eldovnen».

Kvar gong folket høyrde lyden av alle slags instrument, tilbad dei statuen til kongen. Sjadrak, Mesjak og Abed-nego var tre vise menn som styrte for kongen, men dei ville ikkje gjere det som kongen hadde befalt.

Kong Nebukadnesar spurde Sjadrak, Mesjak og Abed-nego om dei ville starte å tilbe statuen av gull, men då svara dei «Vi vil ikkje tilbe statuen til kongen. Den Gud som fortener vår oppmerksomheit er større enn deg og alt det du kan lage. Om Gud vil, kan han redde oss frå din brennande omn. Om vi lever eller døyr vil vi ikkje tilbe noko som er laga av menneskehender».

Då vart kongen frykteleg sint og befalte at omnen skulle verta sju gongar varmare enn vanleg! Dei bantt Sjadrak, Mesjak og Abed-nego og fekk dei kasta inn i omnen. Dei som følgde mennene til omnen, døydde av varmen sidan omnen var så varm.

Medan dei stod der vart kongen forferda, for mennene i omnen brann ikkje opp. Han meinte og at han såg fire menn inne i omnen, og den fjerde såg ut som ein gudeson. Kongen gjekk no bort til omnen å befalte



at mennene skulle komme ut. Det var ikkje teikn til skade på nokon av dei. Til og med håret hadde dei framleis og ikkje lukta dei svidd heller.

Kongen sa «**lova være Sjadrak, Mesjak og Abed-Negos Gud! Dei våga sitt liv for ikkje å dyrke eller tilbe nokon annan Gud enn sin eigen. Derfor gjev eg no denne befalinga at alle frå no av skal tilbe deira Gud. For det finst ingen annan Gud som kan frelse slik.**»

**Det kan vere utfordrande å stå aleine om det å tru på Jesus.**

**Eg trur at Sjadrak, Mesjak og Abed-Nego hjalp kvarandre i denne forteljinga, - trur du det?**


**På kva måte kunne dei hjelpe kvarandre?**

**Kva kan vi gjere for å ikkje være aleine om å tru på Jesus?**






Slekt  
skal følge  
slekters  
gang



## Frå kyrkjebøkene (pr 19.02.)

*Innvik - Utvik - Olden - Hornindal - Randabygd - Nordsida - Nedstryn - Loen - Oppstryn*

| Hornindal                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                 | Nordsida                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                             | Olden                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                         |
|-------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|-----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| <b>Døpte:</b><br>17.11. <b>Malene Sollid Røyrhus</b> For. Pernille Sollid og Ola Tobias Langlo Røyrhus<br>17.11. <b>Susanne Frøysa Kalvatn</b> For. Britt Elin Brendefur Frøysa og Sivert Kalvatn<br>16.02. <b>Marie Romsøe Kongsjord</b> For. Cathrine Kongsjord og Pål Kristian Romsøe<br>16.02. <b>Julie Leine Brendefur</b> For. Anne Marte Leine-Dimmen og Lars-Vegar Brendefur<br><b>Døde:</b><br>29.10. <b>Björg Karin Navelsaker</b> f. 1951<br>14.12. <b>Gunnhild Humborstad</b> f. 1937<br>05.02. <b>Ester Gausemel</b> f. 1927 | <b>Døpte:</b><br>26.01. <b>Amund Nerland Bergset.</b> For. Maria Nerland og Ådne Bergset<br><b>Nedstryn</b><br><b>Døpte:</b><br>01.12. <b>Vilma Stølen.</b> For. Stine Anita Lindvik og Tony Stølen Kvamme<br>09.02. <b>Jonathan Saure-Magnussen.</b> For. Trude Iren Saure og Peder Magnussen<br>09.02. <b>Axel Bergset Flo.</b> For. Margrete Loen Flo og Alfred Aarøen Bergset<br><b>Vigde:</b><br>14.02. <b>Hege Gjertsen og Nils Roger Høgalmen</b><br>14.02. <b>Heidi Rylandsholm og Arild Kvernmo</b><br>14.02. <b>Anja Ekrem og Jan-Christian Løseth Ervik</b><br>14.02. <b>Malin Helene Leversund Standal og Olav Arne Sundal</b><br>14.02. <b>Stine Støve Eikenes og Kristoffer Vik Nygård</b><br>14.02. <b>Ina-Mari Ulvedal og Mats Goberg Solheim</b><br>14.02. <b>Helene Mari Maurset og Espen Aarnes Søgård</b><br><b>Døde:</b><br>04.11. <b>Inger Anne Sætre</b> f. 1949<br>26.11. <b>Rasmus Dybevoll</b> f. 1936<br>02.12. <b>Sigfrid Solvik</b> f. 1923<br>23.01. <b>Leif Ingolf Tenden</b> f. 1934 | <b>Vigde:</b><br>11.02. <b>Hildegunn Hafsås og Terje Sundsøy</b><br><b>Innvik</b><br><b>Døde:</b><br>11.02. <b>Kari Bergh</b> f. 1937<br><b>Utvik</b><br>Ingen registreringar<br><b>Randabygd</b><br>Ingen registreringar                                                                                                                                                                                                                                                                                                                     |
| Loen                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                      | Oppstryn                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                             | Konfirmasjon                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                  |
| <b>Døpte:</b><br>17.11. <b>August Rønnestad Bødal</b> For. Marte Rønnestad og Frank Wilie Bødal<br><b>Døde:</b><br>16.01. <b>Sverre Sande</b> f. 1947<br>08.02. <b>John Gunnar Oppheim</b> f. 1973                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                        | <b>Døpte:</b><br>24.11. <b>Synne Lunde Kveen.</b> For. Sofie Lunde og Lars Marius Gjertsen Kveen<br><b>Døde:</b><br>03.11. <b>Rune Folven</b> f. 1958<br>06.02. <b>Jostein Svoren</b> f. 1947                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                        | <b>03. mai; laurdag</b><br>- Nedstryn 11:00 Konfirmasjonsgudsteneste<br>- Utvik 11:00 Konfirmasjonsgudsteneste<br>- Nordsida 11:00 Konfirmasjonsgudsteneste<br>- Nedstryn 13:00 Konfirmasjonsgudsteneste<br><b>04. mai; 3. søndag i påsketida</b><br>- Oppstryn 11:00 Konfirmasjonsgudsteneste<br>- Innvik 11:00 Konfirmasjonsgudsteneste<br><b>10. mai; laurdag</b><br>- Loen 11:00 Konfirmasjonsgudsteneste<br>- Olden 11:00 Konfirmasjonsgudsteneste<br><b>11. mai; 4. søndag i påsketida</b><br>- Nedstryn 11:00 Konfirmasjonsgudsteneste |



# Søndag er kyrkjedag

## Gudstenester i Indre Nordfjord

Vi gjer merksam på at det kan verte endringar - nattverd og offer er ikkje med, så følg med i avisa "Fjordingen".

Sjå også heimesida: [stryn.kyrkja.no](http://stryn.kyrkja.no) og på Facebook: **Kyrkja i Indre Nordfjord**

Om det ikkje er gudsteneste i di kyrkje, er du velkommen i ei av dei andre kyrkjene.

### 16. mars; 2. søndag i fastetida

Luk 13, 22-30

- Stryn kulturhus 18:00
- Samtalegudsteneste

### 23. mars; Maria bodskapsdag

Luk 1, 39-45

- Nedstryn 11:00 Gudsteneste
- Hornindal 11:00
- Karnevalsgudsteneste
- Randabygd 19:00 Kveldsgudsteneste

### 30. mars; 3. søndag i fastetida

Luk 22, 28-34

- Nordsida 11:00 Gudsteneste.
- Årsmøte etter gudstenesta
- Olden 18:00 Soul Church

### 01. april; Tysdag

- Nedstryn 09:00 Morgonmesse

### 06. april; 4. søndag i fastetida

Joh 6, 24-36

- Oppstryn 11:00 Gudsteneste.
- Tårnagent
- Nedstryn 19:00 Strikkegudsteneste

### 13. april; Palmesøndag

Joh 12, 1-13

- Loen 11:00 Gudsteneste
- Utvik 11:00 Gudsteneste
- Ljosheim, Oldedalen 20:00 Kveldsgudsteneste

### 17. april; Skjærtorsdag

Joh 13, 1-17

- Bøasætra, Stryn 12:00
- Friluftsgudsteneste
- Bruasætra, Hornindal 12:00
- Friluftsgudsteneste
- Nordsida 19:00 Kveldsgudsteneste.
- Kveldsmat
- Innvik 19:30 Kveldsgudsteneste
- Oppstryn 20:00 Kveldsgudsteneste

### 18. april; Langfredag

Luk 22, 39 - 23, 46

- Nedstryn 11:00 Gudsteneste
- Pasjonsgudsteneste
- Olden 20:00 Pasjonsgudsteneste

### 19.-20. april; Påskenatt/ Ottesong

Mark 16, 1-8

- Nedstryn 23:00
- Kveldsgudsteneste / Påskenatt

### 20. april; Påskedag

Joh 20, 1-10

- Nedstryn 11:00 Høgtidsgudsteneste
- Olden 11:00 Høgtidsgudsteneste
- Nordsida 11:00 Høgtidsgudsteneste
- Hornindal 11:00 Høgtidsgudsteneste
- Oppstryn 13:00 Høgtidsgudsteneste
- Innvik 13:00 Høgtidsgudsteneste
- Randabygd 14:00 Høgtidsgudsteneste

### 27. april; 2. søndag i påsketida

Joh 20, 24-31

- Nedstryn 11:00 Gudsteneste.
- Utvik 11:00 Gudsteneste.
- Olden 19:00 Salmekveld

### Konfirmasjonsgudstenester:

Sjå eige oppsett på førre sida

### 06. mai; tysdag

- Nedstryn 09:00 Morgonmesse

### 11. mai; 4. søndag i påsketida

Joh 14, 1-11

- Nedstryn 19:00 Kveldsgudsteneste

### 17. mai; Grunnlovsdag

Luk 17, 11-19

- Nedstryn 09:30 Festgudsteneste
- Nordsida 10:30 Festgudsteneste
- Oppstryn 11:00 Festgudsteneste
- Olden gamle kyrkje 11:00
- Festgudsteneste

- Innvik 11:30 Festgudsteneste

- Randabygd 12:00 Festgudsteneste

- Hornindal 12:15 Festgudsteneste

- Loen 13:00 Festgudsteneste

- Utvik 13:00 Festgudsteneste

### 25. mai; 6. søndag i påsketida

Matt 6, 7-13

- Nedstryn 11:00 Gudsteneste
- Hornindal 11:00 Gudsteneste

### 29. mai; Kristi himmelfartsdag

Joh 17, 1-5

- Loen 11:00 Gudsteneste.
- Drop-In dåp

### 01. juni; søndag før pinse

Joh 16, 12-15

- Ljosheim, Oldedalen 11:00
- Gudsteneste

### 03. juni; tysdag

- Nedstryn 09:00 Morgonmesse

### 08. juni; Pinsedag

Joh 14, 23-29

- Nedstryn 11:00 Høgtidsgudsteneste
- Olden 11:00 Høgtidsgudsteneste
- Hornindal 11:00 Høgtidsgudsteneste
- Oppstryn 13:00 Høgtidsgudsteneste

### 09. juni; 2. pinsedag

Joh 7, 37-39

- Bergsetnausta, Nordsida 12:00
- Friluftsgudsteneste

### 15. juni; Treeiningssøndag

Luk 24, 45-48

- Holme, Loen 11:00
- Friluftsgudsteneste
- Kvalen, Randabygd 13:00
- Friluftsgudsteneste
- Tistamstøylen, Utvik 13:00
- Støylsmesse






Distribusjon som **Post med like format** til abb. utanfor Stryn og Hornindal.  
Returadr.: Kyrkjekontoret, Rognehaugen 11, 6783 Stryn



Foto: Pixabay.com



## Korset - det som var eit reiskap for avretting, vart det viktigaste kristne symbolet

Etter katolsk tradisjon skulle korset vere laga av tre og gjennom alle år har det dei meiner er fliser av det heilage korset vore relikviar, spreidde over heile verda. Krusifikset er bilde av den lidande Jesus og sentral på langfredag.

Krusifiks som ikon og figurar er vanlegare i katolske og ortodokse kyrkjer enn i protestantismen. I protestantisk tradisjon er det tomme korset eit sterkt symbol for den oppstadne Kristus, som leid for menneska sine synder og vann over døden gjennom oppstoda.

Korset har ein sterk symbolikk og vi ser stadig at folk gjer «korsets teikn» - over seg sjølv eller andre menneske. Presten lyser velsigninga over kyrkjelyden, over dåpsbar-net og over gravfølget.

Mange korsar seg i møtet med det heilage - når ein stig inn i ei kyrkje eller ved nattverd.

Vi ser fotballspelarar som slår korsets teikn og kysser grasmatta når dei entar fotballbana og mange ber korset som smykke.

## Påska - siger over død

Når vi samlast til gudstenester i påska kan vi følge heile den kristne bodskapen om soning og frelse. Kyrkjene våre har mykje vi kan feste augene på og bli minna om det gode evangeliet.

I Nedstryn fortel «den gamle» altertavla som Tranaas måla, historia om den mektige oppstoda, og dei som kjem innom Ljosheim kapell, møter den oppstadne Jesus som viser sine naglemerkte hender og seier:

*Min fred gjev eg dykk.*

Og i alle andre kyrkjer rundt i heile verda har dei sine symbol å feste auga på, sine ritual og festen over den gode bodskapen.

Liturgien seier: «Mysteriet i trua er stort.»

Og vi svarar: «Kristus døde. Kristus stod opp.

Kristus skal koma att. Han vere ære for kjærleiken som er sterkare enn døden.»

Det er dette påska handlar om. **GOD PÅSKE.**

Tekst og foto: Jarle Hessevikk



Det heilage korset er hovudmotiv på den gamle alterfronten i Nedstryn, der persaren Kosdroe røvar korset frå Jerusalem - og festen når Heraklius til stor jubel. fører korset tilbake



Redaktør for neste nummer er: Jarle Hessevikk  
Vi tek svært gjerne imot stoff på e-post til:  
**kyrkjeklokka@gmail.com** eller  
**jarle.hessevikk@gmail.com** innan 20.05.

Bladet blir omdelt i postkassene i Stryn og Hornindal på dugnad.

Neste nummer får du i postkassa ca 14.06.